



– Eg var på kurs som Kreftforeningen arrangerte for fem år sidan, og då bestemte eg at noko slikt skulle me få til på Askøy, seier prosjektleiar Tone Steinfeld.

Foto: Hilde Kristin Strand

# Kreftsjuke kan få hjelp hos Tone

## ■ Har sett i gang eige prosjekt for kreftsjuke

Dersom ein har fått kreft, eller er pårørende til nokon som har sjukdommen, kan ein ta kontakt med kommunen sitt nye kreftteam.

### Helse

Torsdag gjekk startskotet for prosjektet som har fått namnet «kreftomsorg i primærhelsetenesen». Det betyr at kommunen i større grad enn før skal ta seg spesielt av innbyggjarane som er kreftsjuke.

### Klare til å ta i mot

– Eg har jobba som sjukepleiar i open omsorg på Askøy i 20 år. Fleire gonger har eg opplevd at eg og kollegane mine kjem for seint i kontakt med dei som har fått kreftdiagnosen. Nokre har til dømes gått til inn-

kjøp av sjukehusseng sjølv, fordi dei ikkje veit at dette kan hjelpemiddelsentralen ordna for dei.

Det seier Tone Steinfeld. Ho er sjukepleiar med vidareutdanning innan kreftomsorg og palliativ behandling og er no prosjektleiar.

Prosjektet er i første omgang treårig og har fått støtte frå Helse- og omsorgsdepartementet. Målet er å treffa alle askøyværingane som får kreft – dersom dei ønskjer det.

Det vil verta gitt tilbud om kontakt med kreftsjukepleiar for både pasient og pårørende uavhengig av kor langt sjukdommen er komen. Det skal lagast individuelle

**Fleire gonger har eg opplevd at eg og kollegane mine kjem for seint i kontakt med dei som har fått kreftdiagnosen.**

*Tone Steinfeld, kreftsjukepleiar*

planar som kan gjera sitt til eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod, og kreftsjukepleiar skal òg vera med på samarbeidsmøte på sjukehus før utskriving.

– Det er ikkje lenge sidan eg fekk ein telefon med spørsmål om at no var det ein askøyværing med kreft på veg heim frå Haukeland. Kunne eg gjera noko? Det

kan eg, seier Steinfeld.

Ho seier at både pårørende og dei som sjølv har fått kreft er velkomne til å ta kontakt. I tillegg kan ho og Anne Beth von der Fehr Olsen, som er den andre kreftsjukepleiaren i prosjektet, ha samtalar med tilsette som jobbar tett med kreftpasientar.

### Mange vil døy heime

Kvart einaste år vert over 20.000 nordmenn råka av kreft, og 130.000 av oss lever i dag med ei eller anna form for sjukdommen.

## Passar til ny reform

**Dag Ole Teigen (Ap) rosar prosjekt som det Askøy no skal i gang med. Han seier det passar godt inn i den nye samhandlingsreforma.**

– I Noreg ligg me etter i bruk av ressursar i kommunehelsetenesen. Me brukar lite pengar på å førebyggja, seier Teigen.

Han deltok på oppstartmøtet i Strusshamn onsdag, og fekk med seg ei innbunden utgåve av pro-

sjektskildringa.

– Då veit han kva me snakkar om når me ber om pengar neste år, sa prosjektleiar Tone Steinfeld.

Teigen legg vekt på at prosjektet passar inn i den nye samhandlingsreforma. Den legg opp til at spesialistane i større grad skal ut i kommunane.

– Slik det er i dag, er det mange gode prosjekt som skjer på trass av, ikkje på grunn av, systemet.

Me ønskjer eit system som legg meir til rette for prosjekt som dette, seier Ap-representanten som sit i helse- og omsorgskomiteen på Stortinget.

Men for å få til gode prosjekt, trengs det pengar. Teigen seier at dei raudgrøne legg opp til ein ny finansieringsmodell som skal gjera det mogleg med fleire tilbud i kommunane.

– Me ønskjer tilbud som kan avlasta sjukehusa, seier han.

konale Høgskole, men òg nokre av dei som jobbar ute i felten i Askøy kommune. Det siste er viktig, synest Steinfeld.

– Det er dei som treffer pasientane til dagleg. Me har òg eit godt samarbeid med legekontora, og skal leggja ut brosjyrar om det nye prosjektet der.

Av Hilde Kristin Strand  
56 15 28 12 hilde@av-avis.no